



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 1

JANUAR 1974

23. årgang

Gamal god moral!

Dagbladet gjer narr av ein kristen aksjon som er opplagt mot sedløyse og umoral. Ein skal bli forundra over mindre, meiner Dagbladet, enn at ein får høyre dette snerperiet i vår tid når det er så mye urettferd og urett deling i verda — og så mange undertrykte.

Personleg undrar vi oss over dei ansvarlege Dagbladet. Det er nettopp dette snerperiet som vekke ansvar for medmennesket og åpna augo for «den tredje verda», lenge før Dagbladet blei bore til dåpen. Den siste tida har kulturradikale krinsar, Dagbladet og co, teke til å rose misjonens innsats i ein viss grad. Men det er ikkje så lett alltid å endre spor frå ein ytterkant til noe meir rimeleg, så slike tankeglipp som dette er vel naturleg.

Vi er medlemmer av Dusteforbundet frå før, så vi er ikkje redde for kva vi skriv i så måte.

Aksjonen mot sedløyse og umoral støtter vi fullt ut. Den burde samle langt fleire enn dei trufaste kyrkjegjengarar og bedehusfolk til ein brei aksjon for å redde våre unge og vår lands framtid. Gamal god moral bør kome på mote igjen. At ein skal vente til ekteskapet. At ein skal vere trufast i ekteskapet. Ikkje for prinsippets skuld — langt ifrå. Men fordi det er eit slikt livssyn som vernar om kjærleiken og mennesket. Og det er dette livssyn som også har vore den største impuls til ansvar for medmennesket nær og fjernt. Hadde landet vårt

Kyrkje i Nord

Kyrkje i Nord
la din klokkeklang evig oss kalle
samle frå heimar
i grender og bygder oss alle.
La her Guds fred
høgt ifrå himmelen ned
over vår kvardag få falle.

Herre vår Gud,
vi vil gjeva deg takk, pris og ære
be deg i kjærleik
mot syndarar nådig å vere.

Hit vil vi gå,
be for dei gamle og grå,
borna til døypefont bere.

Her framfor altaret
skal vi i audmjuka knele
både dei glade
og alle dei sorgtunge trele
kveda Guds pris
på barnets trustrygge vis,
nattverdens nåde få dele.

Kyrkje i Nord du vår livsdag
med himmelglans gylla
kjærleikens varme
i vinterkaldt mennesinn fylla.

Duk Herrens bor'
gjev oss av ævelivis or'
lær oss vår Frelsar å hylla.

Herre vår Herre
kor herlegt ditt namn er i verda.

Gamal og ung
må du fylgja på ævelivsferda.

Krossen din står
over oss alder og år.

Herre kor stor er di æra.

K.G.R.

vore gjennomsyra av Dagbladets moralsyn dei siste hundreåra, hadde vi heller ikkje hatt kristen misjon. Kanskje vi eingong ikkje hadde hatt Dabladet for det vandra visse mørkemenn bak kulissane der og i si tid. ige.

Ventar vi noe?

Godt nytt år! Vi helsar med det vi også. Men trur vi på det — at det nye året skal bli godt? Altså at vi trur helsinga har positivt innhald. Eller er vi like lite medvitne i denne helsinga som når vi til dømes seier adjø. Det tyder Gud vere med deg! Men det visste vi ikkje — i alle fall tenkte vi ikkje på det.


Blir det eit godt nytt år? Ja, det blir det. Om Gud er med oss. Som kristne trur vi det — og skal vite det. — Men alt det vonde då, inni oss og utanfor? Kan vi i ein slik situasjon driste oss til å tenke godt? Kanskje det til og med er vårt siste år? — «Når Gud er med oss, kven er då imot oss?»

William Carrey forma livsmotet sitt slik:

«Vent store ting av Gud, våg store ting for Gud». Det er ikkje Gud som skal skuldast om det er «status quo» eller at det ikkje vil hende noe? — Det er vår. La oss som kristne vente og våge! ige.



SLEKTERS GANG



Døpte

Orkdal.

- 11/11 Ann Mari Erlandsen
9/12 Bjørn Hegstad
Ann-Kristin Almli
Siri Skjenald
25/12 Frank Roger Sylow
Tanja Fagerholt Nydahl
Tove Syvertsen
31/12 Rune Dahl
Andreas Rindal
1. 1. 74 Kjell Arne Dørdal
Hanne Dørdal

Orkanger.

- 2/12 Elin Heggund
Jim Arne Harsvik
25/12 Lars Morten Meland.

Geitastrand.

- 26/12 Tina Robini Toomas.



Vigde

Orkdal.

Per Odd Volden og Bente Wersland.

Orkanger.

- 1/12 Arnt Kjølvi og Margrete Bye
15/12 Jon Forbord og Toril Reitan
29/12 Jarle Olstad og Marit Elshaug.

Orkland.

- 8/12 Gunnar Erling Svendsen og
Oddveig Mosbakk.



Døde

Orkdal.

- 11/12 Anna Skaugen f. 1889.

Orkanger.

- 6/12 Johan J. Gjølmesli f. 1882.
21/12 Arvid Jon Helvik f. 1917.
25/12: Ivar J. Fagerholt f. 1909.

Orkland.

- 14/12 Ole H. Skjøberg f. 1893.
11/12 Peder Hilstad.
31/12 Karen Gumdal f. 1893.

Ei broblembøn?

Det er den sjette bøn i Fadervår som har vore litt av eit problem for meg.

«Og før oss ikkje ut i freisting!»

Ofte når eg er med og bed Fadervår, dukkar spørsmålet opp: «Ja, men Gud fører då ikkje meg eller nokon annan ut i freisting!»

Freistinga har noko djevlesk forførande ved seg. Synda ser forlokande ut. Det er som ein blir fjetra og trollbunden. Motforestillingane blir borte, freistinga maktstel deg. Og så skulle Gud ha noko med dette å gjera, skulle føre meg ut i freisting! I Jakobs brev les vi med reine ord at freistingane ikkje kjem frå Gud. «Nei, når ein vert freista, er det eins eiga lyst som dreg og lokkar». (1, 13).

Likevel lærte Jesus oss å be: «Før oss ikkje ut i freisting».

Vi kunne nok smetta undan problemet ved å peike på at grunnteksten har eit ord som både står for freisting til synd og samstundes blir nytta om røyningar og motgangar eller prøvingar. Men i Fadervår er det heilt visst at det er freisting til synd som er meint. For den sjuande bøn talar om det same — no positivt — «Frels oss frå det vonde!» Samanhengen mellom 6. og 7. bøn er heilt klår. Men la oss legge merke til ein annan viktig samanheng, med den 5. bøn. Der bad vi Gud om forlating for syndene våre. Og det har vi Jesu ord om at Gud gir kvar den som sannar si synd, for «bekjent synd er forlatt synd». No går tanken vidare i den 6. bøn. No veit vi at det ligg så mange fårar i vår veg. No gjeld bøn Gud's hjelp til å gå ut i kvardagen og bli verna mot å falle i ny synd. Freistingsmakta i synda er skildra så levande på eit av dei første blad i Bibelen vår: «Synda ligg framfor døra di og lurar. Ho trår etter deg, men du lyt halde henne i age». Dette var den åtvaringa Kain fekk. Vi treng alle den påminninga som Brorson gir på sin måte:

«Jeg går i fare hvor jeg går,
min sjel skal alltid tenke
at satan alle vegne står
i veien med sin lenke».

(L. R. 265, 1).

Vi veit godt at vi ikkje skal «gå mot rødt lys. Desse to siste bøn-

ne i Fadervår skal vere «rødt lys» for oss. Dei skal minne oss om at vi må gå der Gud «gir grønt lys». Når Guds vilje får rå (3. bøn), veks det fram eit ønske og ein vilje til å halde oss nær til Gud. Då vil han halde seg nær til oss og vare oss frå freisting og fall. Då blir det slutt på å lefle med synda, og då «taper mørket sin makt».

agn.

Brøytekarar

Idag treng brøytekarar takk og honnør for strev ifrå nattmorgon ti'le. Når vinden er kvass og det fyk og snør er vi glade som inne fær kvile. Når vegarbeidsfolket lyt ut på bø og streva med plogbil og spade, sjå då er det rett med litt blommar i snø for å visa ein takk frå oss glade.

K.G.R.

Forkort etterjuls vinteren
med et hyggelig håndarbeid.



Harald Hukkelås

Orkanger.

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Fannrem bokhandel,
Einar Bjørndal, A. G. Nødvedt,
Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll,
Borghild Asphjell,
Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av soknerådene i Orkdal

Redigert av res. kap.

Kasserer:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk - Svorkmo

Einskap i kjærleik

Soga fortel oss at Karl den 5. — spansk konge og Tysk-romersk keisar streva heile si tid med å få alle hoff-folka sine til å tenkja eins. Då han i sine eldre år oppdaga at han hadde mislukkast — gjekk han i kloster og der heldt han fram med strevet på eit anna vis. No var det ei mengd med klokker han ville freista å få til å gå på sekundet likt. Men som rimeleg var mislukkast han i dette og.

Vi kan le åt ei slik soge, men like fullt er det også moderne mennesker i dag som i røynda strevar etter å få alle andre til å tenkja presist likt med seg sjølv. Diverre er det også slik med mange kristne. Vi tykkjer at vi sjølve einast har funne den nøyaktige trua og alle som da skil seg noko ut ifrå vår meining, kan ikkje tru rett. Sjølv-sagt er det grunnsanningar som ikkje kan fornektast. Ein kristen kan til dømes ikkje gjera Guds son, Jesus Kristus til eit menneske om det så var eit aldri så stort eller godt. Men altfor tidt vert det også små strå av eit «paveskjegg» som skilte. Så stemplar vi kvarandre som høg- og lågkyrkjelege og så skulle alt vera sagt, meiner mange. Det har hendt at einskapsbandet brast på uvesentlege ting og surdeigen som vi kristne skulle vera, vart ikkje dugande — men misste si kraft. Kor Frelsaren må syrgja når han ser oss slik. Han som sa: «På det skal alle kjenna at de er mine

læresveinar om de har kjærleik innbyrdes».

Johannesevangeliet 17. kap. (v. 20-21) fortel oss om nett dette problem. Det er i tredje delen av «Jesu øvsteprestbøn», og her ber han for læresveinane sine til alle tider og frå alle generasjonar, altså også for oss idag. Han ber om at vi alle må vera eitt. Ikkje slik å skyna at denne einskapen skal vera ei uniformering, men einskapen skal vera sams kjærleik i Jesus Kristus som vi trur på som Herre og Frelsar. Einskapen skal koma til uttrykk i at vi eig den same kjærleik og fred, herlegdom, nåde og sanning. Men då må Guds heilage Ande få leiinga hjå oss. Guds Ande kan ikkje koma i strid med seg sjølv. Får difor den same Ande råde i alle kristne, så vil den gjeva oss kjærleikens einskap enda om vi ikkje såg likt på «heile paveskjegget». Guds Ande ville frelsa oss ut frå sjølvsykje og egoisme, frå einøygd, hardt og maktsjukt sinnelag.

Skal einskapen mellom dei kristne verta eit vitnemål for dei ikkje truande så må einskapen syna seg i kjærleiken dei har åt kvarandre.

Kor lett er det ikkje å gløyma dette? Lettast når det kjem prestisje inn i biletet. Då hender det så lett at «kyrkjefyrstar» heng kvarandre ut i aviser istadenfor å gå å tala ut med kvarandre med brorskaps kjærleikssinn. Eg er viss om at Paulus hadde Jesu ord om innbyrdes kjærleik, i tanken — då han i 1. korinterbrevs 13. kap. skreiv: «kjærleiken er langmodig, er velviljug, kjærleiken bær ikkje avund. Kjærleiken briskar ikkje og bles seg ikkje opp», osv. . . . Og «kjærleiken tål alt». Gjer vi det?

K. G. R.

DET HVITE BÅND

har møte i Prestegarden på Svorkmo tysdag 29. jan. kl. 17. Nye medlemmer og interesserte vel møtt!



VÅR MENIGHET

Ved julegudstenestene

var det stort frammøte og glad stemning.

Det Norske Misjonsselskap fekk større offer enn noengong før. Song- og musikkrefte i dalen har vore aktive ved mange kyrkjearrangementer omkring jul. Ein blir imponert over breidda av dette når alle blir med slik. Det blei så mye at vi til slutt ikkje makta å få oversyn over det ved gudstenesteutlysningane. Men no etterpå takk! Det gledde oss stort. Dei som ikkje kom seg til kyrkjes i juletida gjekk glipp av fine opplevingar.

Julefestar

har det vore mange av rundt omkring i grendene. Vi har hatt gleder av å vere med på mange, og har gått i milevis rundt juletreet. Kor godt vi har av dette — gå rundt juletreet, halde kvarandre i handa og syngje julesongar. Etter som vi skjønner er det sunnare å gå på julefest enn på dansetilstellingar. Dei har det også vore nok av, med ølboksar, fulle ungdomar og bråk og hyling til tidlege morgonstunder. Lite verdig julefeiring — det er ikkje slik ein rett ærar Jesu fødsel på jord.

Søvasslikjølen fjellkapell

På blanketten som vi sendte ut er det ved nyttårsskiftet kome inn godt 2000 kr. Vi minner om kontoen for alle som framleis er interessert i fjellkyrkja på Kjølen: Postgiro 3 67 54 36, 7310 Gjølme.

Orgelkomiteen

for nytt orgel i Orkdalskyrkja har fått kr. 1000,— av Gudrun Lium, Hoston. Det er pengar frå buet etter Ragnar Bakksæter. Vi forstår på komiteen at dei har planar om å handle stort med det første, så meir støtte trengst. Kasserar er fru Grethe Wormdahl, Fannrem. Postgiro 3 61 42 78.

Hovudkyrkja treng nytt og større orgel. Det vil i høg grad stimulere gudstenestelivet.

Julekonserten 73 ga 1770 kr. i overskot. Tilsaman står det inne kr. 32.415,—.

Også de gamle

Av Kai Munk.

Å, om du visse hvor gjerne jeg ville brenne det inn i ditt sinn at Gud har bruk for deg, at også de gamle er et ganske unnnværlig folkeferd.

Det kan være noe så fint og rent over en gammel kone, — liksom et vellagret vintereple er dyrere og av finere smak enn høstfrukten, som det er nok av. Man kan elske en hel gård, bare fordi det er en staut gammel mann eller en kjær gammel kone der.

Og så er det en ting et gammelt menneske kan bedre enn vi unge. Det er å be til Gud. Det kan barn og gamle. Barn kommer like fra ham, og de gamle skal snart dit opp. Og de har denne sinnets samling og legemets ro — (når da gikten ikke er for slem), som er nødvendig for andakt.

Gud har bruk for en masse bøtner. Jorden er overfylt med ting og vesener som trenger bønn. Og det er så mange som ikke ber. Be du da, du gamle menneske, bruk din nådens tid til å øve deg til å tre fram for Guds trone.

Og slit så din tid i tålmod og tro. Gud skal hente deg når din time kommer. Men foreløpig har han bruk også for deg her.



BREV fra en far

Når jeg skriver dette er det ikke for å få mange til å føle medlidenhet med oss.

Jeg er en gammel mann som har prøvd litt av hvert i livet. Jeg er nå havnet på gamlehjemmet som for meg fortørner seg som et venterom. Jeg har alltid vært glad i mennesker og har hatt leit for å få kontakt. Og her har jeg god anledning til å snakke med de andre.

Den første jeg traff da jeg kom hit, var en mann på 78 år. Han var helt åndsfrisk, men likevel satt denne mannen og gråt mens han stilte de samme spørsmål hele tiden: «Hvorfor kommer ikke mine barn og besøker meg? Har jeg gjort dem noe vondt? Hvis ikke, hvorfor kommer de da ikke? Jeg ville så gjerne se dem».

Jeg har aldri sett så mange ulykelige og ensomme mennesker før. Derfor vil jeg med dette rette oppmerksomheten mot oss.

Egoistisk? Nei, jeg vil ikke si det. Vi er glade i dere, forstår dere ikke det? Engang kommer deres tur, kanskje dere også får oppleve hva ensomhet er. Jeg sier ikke dette for å skremme, men vi venter så, og det er denne ventetiden som er så lang.

Jeg har mange ganger tenkt på

Forts. s. 5.

Han far

Om morgonen i all slags vær han opp lyt stå.

Med hastig frukost ut han fær, til arbeids gå.

Han strevar tidleg - strevar seint, og sumtid lagar det seg meint ei kvilestund få.

Hans hårlugg gråna har eit grann.

Hans rygg er stiv.

Det var den ærespris han vann i strevsamt liv.

Hans hand er arbeidsslitt og sår frå trufast strev igjennom år for born og viv.

Han gav seg heilt for heimen sin, det draumens slott.

Han stelle ville den så fin, så trygt og godt.

Når strev var gjort han faldt hand og bad ei bøn for heim og land till Alleheims Drott.

Men ikkje var du rik på jord. Formue null.

Var langt frå stas på Herrebord Og banken full.

Men sølv du fekk i hårets krans og perlestein i åugets glans i hjartet — gull.

K. G. R.

Ved mors grav

Takk kjære mor — ha takk for alt arbeid i sorg og i gaman. Aldri på jord eg får betalt alt det du ytte tilsaman. Du gav deg sjølv til siste stund. Gud gjeve ro i fredens lund heilt til den store dagen, — gjensyn i edenshagen.

Kjæraste mor så god var du, endå når motgangen såra, odla og fostra, — gav oss tru utetter alle dei åra. Handa var sliten, håret grått, ryggen så vond og rynker smått kransa det fagre kinne'. Slik vil du stå i minne'.

Kjære mi mor — eg hugsar no, minnene mange dei tar meg. Lyfte meg opp du, — smila, lo høgt opp i barmen din bar meg, prøvde mitt pund for skoleveg, lærte mot himlen setja steg, las med meg Fadervåret, trøysta mot hjartesåret.

Takk mor for kjærleiken du gav. Takk for den dag til det siste.

Brev fra en far - - -

(Forts. fra s. 4).

et ordtak som jeg leste for lenge siden, om at en far kan klare å fø tolv sønner men tolv sønner klarer ikke å fø en far.

Ikke misforstå meg. Jeg har enda ikke hørt noen som ville ligge til byrde for sine barn.

Men det vi vil og det vi har lov til å vente, det er at dere, våre barn, kommer og besøker oss. Å hvor glade vi ville ha blitt om dere bare ville komme og sitte her en liten stund, slik at vi kunne få en følelse av at det er noen som er glade i oss. Ja, hvorfor kommer ikke våre barn og besøker oss? Vi ville så gjerne se dem.

Hilsen en far.

Sommarbilde frå Rektorlia

På side 4 har vi gjengitt eit bilde frå utflyttardagen på Rektorlia i 1973.

Det får minne oss om to ting. For det første at vi raskt går mot sommar igjen. År og årstider går fort. Og for det andre at dei gamle er best. No likar ikkje alle å bli kalla gamle, men dei mest aktive i Øvre Orkdal Historielag som arrangerer utflyttardagen er eldre. Det er så gledeleg å sjå at mange av dei berande kreftene i andre aktivitetar også er eldre. Folk misser ikkje livsgnisten, men får større ansvar og innsatslyst med åra. Ein tredje ting vil vi også gjerne få minne om med bilde frå Rektorlia.

Den vakre Orkdalsnaturen — at vi verner om den. At vi ikkje legg ut flatland og dyrkbar jord til bustadtomter, vegar eller industrianlegg. På lengre sikt er det svært lønsamt også for kommunen å bygge i bergknausar og bakkar.

ige.

Vondt no å stå her ved di grav, verre enn alt deg å miste. Likvel vi veit — di trøyst det var: Jesus er Frelsar. — Gud er Far. Slik vi i englesongen møtast vil neste gongen.

K. G. R.

GAVER til bladet

ORKLAND :

Karen og Olav Øvervik kr. 10. Erling Hoston 10. Kristine og John Svorkmo 20. Else Tallerås 10. Jenny Rise 10. Birgitte og John Magne Berg 10. Oline Søderlund 10. Anne Høstun 10. Bjarne og Ingvalda Wahl 10. Gunvor og Arne Berbu 10. Bernt Rønning 10. Anna Lium 10. Magnhild og Hilda Bredeesen 20. Anne E. Svorkmo 10. Randi Bjørnbeth 10. Einar Mjøen 10. Magnhild Bjørnbeth 10. Johanna Berbu 10. Klara og Ole Rønning 10. Aslaug Svorkmo 10. Magny og Styrrar Grønning 20. Oline og Andr. Solbu 10. Johanna Espås 10. Borghild og John Ljøkjell 20. Anne og Ola Lium 10. Oline Hoston 10.

ORKDAL :


Beret og Johanna Lefstadaune kr. 20. Alf Kjønl 10. Borghild Larssen 10. Helga Sognli 10. Karen Svorkmo 10. Anton Snøsen 10. Ole Thorstensen 10. Arne Skjenald 10. John Johnsen 10. Karen Wolden 10. Oline og Johan Johansen 10. Olga og Ingebr. Andøl 20. Arne Melås 20. Annette Hansen 10. Ingeborg og Per Asphjell 10. Oskar Skjerve 10. Johanna og Lars Meås 10. Arne Koksæter 10. Lorentse og O. Lillebakken 10. Brit Rygh 10. Anne og Lars Mellingsæter 20. Karen og Nils Sølberg 20. Anne og Ole Tronvold 10. Marit Eide 20. Ingeborg og Ole Øyum 10. Nelly Sivertsen 10. John Hestnes 20. Lava Mogset 10. Anders Fagerholt 20. Lars Skarholt 20. Morten Andøl 20. Arna og Henrik Størseth 20. Gjertru og John Søvasli 10. Beret Langmo 10. Marta og Jørgen Overvik 20. Liv og Sigm. Gjelsvik 20. Johanna og Lars Evjensvold 10.

ORKANGER :

Borghild Melgård kr. 5. Reidar Wormdal 10. Johanne Wilmann 10. Randi og Svein Falk 20. L. Dyrkorn 10. Ingebjørg og Gunnar I. Ustad 20. Marit og Olav Sæther 20. Asgerd og Mikal Kråkdal 20. Magne Kristiansen 20. Inger og R. Kongsvik 10. Kristine Kongsvik 10. Inger og J. R. Kielland 10.

UTENBYGDS :

Åse og Sverre Solbu, 7800 Namsos kr. 10. Bjørg Eggen, 7074 Spongda!



Aleine om å tenke på bryllaupsdagen

Akk ja! Det er ikkje så lett her i livet. Verda er utakknemleg. Vi vil ikkje gi tips til noen om å bruke menighetsbladet slik til å stenge ute minna om romantikken.

Tvert om ber vi for oss slik at ikkje vi blir sittande igjen med romantiske draumar om menighetsbladet. Er du framleis glad for å få bladet, og gjerne les i det, så bruk postgiroblanketten vi legg ved og send oss noen kroner for fellesskaps skuld.

Vi vonar bladet set litt høgtid på kvardagen, og at du finn noe der av interesse. Det var slik vi hadde tenkt det skulle vere. Det er dyrt å leve i dag, så tenk ikkje berre på kaffikosen og romantikken, men også på menighetsbladet.

Godt nytt år saman med oss!

20. Anne Larsen, Fjeldv. 39, Bodø 10. Ingeborg Skogen, Indre-Bjugn 10. Gunvor Melås, 7620 Skogn 10. Borghild Bakken, 7048 Uglå 20. Åsta og Magne Asbøll, Nedre Halseths v. 89 Byåsen 10. Jarle Svorkmo, Alfr. Trønsdals v. 9, Tr.heim 10. Einar Berbu, Bergstien 16, Oslo 10. Odd Kvam, 2080 Eidsvoll 10. Helle Skarholt, Døves Aldersheim, Tr.heim 10. Eli Ljøkjell, B. Smiths gt. 4, Tr.heim 10. Mildrid Moe, Kyrksæterøra 10. Anne Løvås, 7080 Heimdal 10. Jorunn Skjølberg, 7080 Heimdal 10. Bjørg Reitan, 7080 Heimdal 10. Astrid Haugen, Steinkjer 10.

Hjertelig takk.

Orkdal kyrkjelyd

Hjarteleg takk for oppmerksomheten då eg slutta som medhjelper i Orkdal kyrkje.

Anders Fagerholt.

En hilsen fra Pakistan

Pakistan er en tung arbeidsmark. De kristne utgjør en forsvinnende minoritet i den islamsk-dominerte befolkning. Men, forteller misjonær Magnhild Kirkengen i et brev til Bibelselskapet, vi kan likevel glede oss over at det stadig er søkende mennesker som spør etter Bibelen.

— Og det skjer ikke bare blant de kristne, skriver hun. Vi merker åpenhet for evangeliet blant muhamedanere også. I den senere tid er derfor mange bibler spredd blant dem.

En muhamedaner som kjøpte en bibel for en tid siden, vitner om hvordan han opplever fred og glede i sitt indre når han leser i den. Hver morgen og kveld samler han hele sin egen og svogerens familie og leser i Bibelen for dem. På denne måten får alle høre, sier han.

Men det er mangel på bibler i landet. Det merket misjonæren under et landsby-besøk:

— Da jeg kom, forsvant alle biblene ut av hendene mine før første møte hadde startet, forteller hun.

Nytt om Bibelen.

Nytt sokneråd på Geitastrand

Gunvor Rian
Gunerius Kjoren
Gudrun Haugnes
Randi Langvik
Sivert Husdal
Marie Knutsen.

V a r a m e n n :

Einar Klomsten
Esther Husby
Enok Husdal
Leif Bjørnset
Berit Moe.

Et godt tilbud

Madagaskar-misjonæren Inga Marie Bach Skomsvoll forteller om en tur til en landsby der hun visste det var en blind jente. Nå skulle de dit og spørre foreldrene om de ville godta tilbudet om å sende jenta til Blindeskolen på Loharano: —

Da bilen stanset, ble vi fort omringet av en flokk voksne og barn, som skikken er her. Her er det vanskelig å fare med hemmelighetskremmerier. Men det var jo heller ikke nødvendig i dette tilfellet. Om de hadde fått beskjed om at vi skulle komme? Jo da, men barnets foreldre var ikke kommet ennå.

Men se, der begynner det å leve borte i kaffebuskene. Først kom et par unger springende, og så en alvorlig kvinne med en bylt på ryggen. Bylten viste seg å være den blinde jenta — det tomme, glansløse uttrykket i øynene talte for seg selv. Hvor gammel hun var? Jo, hun var født under syklonen «Jane». Vi fant da ut at hun måtte være vel fire år, og da var hun passe stor til å begynne å tenke på skolegang. Hva tenkte hun mon, der hun stod midt i klyngen av mennesker og holdt seg i morens skjørt, mens hun lyttet til de fremmede stemmene?

Presten viste bilder fra brosjyren fra Blindeskolen — barn som leste, barn som skrev, som skrev på maskin, som gjorde håndarbeid — ja, som til og med lærte å forsørge seg selv. Mens han snakket, kunne jeg ikke la være å studere morens ansikt. Øynene så ut til å dugges i det alvorlige ansiktet. Var hun redd — redd for at vi skulle ta barnet fra henne — gjøre henne vondt, eller øynet hun håp for veslejenta si?

Endelig var presten ferdig med å snakke om skolen, og så kom spørsmålet: Hvordan de stilte seg til å sende jenta på denne skolen? Da lyste morens ansikt opp i et varmt smil, og så kom det: «Hva annet kan vi gjøre enn å godta et slikt tilbud?» Et håp var tent for veslejentas framtid. Det gjorde nok også godt å vite at det er noen som ikke ser på de blinde som en ulykke og en byrde, men som likeverdige mennesker. Kanskje gjorde det også godt at de omkringstående fikk

vite at «bylten» som var hennes daglige byrde, og de mange andre blinde, har evner og muligheter til å lære som andre barn — at de er verdifulle i Guds og menneskers øyne.

Mulighetene er skremmende store

Som så ofte før er det spenning og usikre prognoser for det nye året. Situasjonen er labil. Ingen vet hva neste trekk kan bli. Har vi med Gud å gjøre, så fører det oss bare nærmere Ham i inderlig avhengighet. Mer enn noe trenger vi som misjonsfolk den fornyelsen at vi blir klemt nærmere sammen og nærmere løftenes Gud.

Dette skriver jeg like etter årets siste hovedstyremøte. Og jeg vil spesielt hilse dere, kjære misjonsvenner, fra vårt Hovedstyre. Åpenhet og fortrolighet knytter oss nærmere sammen, og vi trenger hverandre i dagene som ligger foran.

Denne gangen var det budsjettmøte. På bordet lå alle behovene presentert. Tyngden av dem ligger i arbeidet ute. Misjonsmarkene legger fram oppgaver og planer for 1974. Det er gripende lesning. De åpne dørene rykker like innpå oss. Vi hører rop om hjelp — hele bygdelag som venter, stammer som er åpne for evangeliet. Mannen fra Makedonia møter oss med sitt rop: Kom over og hjelp oss! Er det overdrivelse? Det er heller det motsatte. Jeg finner ikke ord til å skildre situasjonen.

Jeg tar et par eksempler: Midt i møtet ringer tilsynsmannen fra Kobe. Kan vi starte byggingen av kirken i Midorigaoka? Kristne artianere har samlet inn kr. 140.000, salg av misjonærbolig har gitt en god del, men det mangler noen tiere av tusen. Det var Japan. Så ser vi gjennom forlegget for konferansen i Etiopia på nyåret. Vi leser «så øyet blir stort og vått»: — I dag er dørene vidåpne for evangeliet. Gudjiofolket vender seg i flokkevis bort fra hedenskapet. Djevlebesettelse hører med til bildet. Satan vil ikke gi slipp på sitt herrevelde. Men

mange lengter etter frihet. I denne kulturopplysning har islam og kristendommen sin sjanse. Kappløpet mellom Muhammed og Kristus krever dristighet til å satse alt for å komme først med Livets Ord til stammefolket. Mulighetene for evangelisering er skremmende store, — skremmende fordi det er menighetens Herre som har skapt mulighetene. Utnytter vi situasjonen rett? Behovet for opplæring av nye kristne er enormt. Mange har sagt ja til Jesus, men trenger kunnskap for å bli bevart. «Fø mine lam», sa Jesus. Hvis vi svikter når det gjelder å gi de kristne solid kunnskap, så har vi unndratt oss den gudgitte anledning som vekkelsen i Etiopia er. — Det er Etiopias nød. — Vi kunne fortsette å sitere fra de andre markene.

(Generalsekr. Birger Breivik i Utsyn 1. 74).

En hilsen fra 96-årig bibelvenn

— I sitt testamente hadde min mor bestemt at Bibelselskapet, som en siste hilsen, skulle ha kr. 2500,— til spredning av Guds ord, skrev en frue i et brev i begynnelsen av september.

Datteren ga en rørende skildring av morens dødsleie. Hun ble 96 år gammel, men var klår til det siste.

— Noe av det siste hun gjorde, var å lese i den nye oversettelsen av Lukas-evangeliet. Først leste min søster av Bibelen med «den gamle tekst», og så leste hun selv i «den nye». Mens hun leste, utbrøt hun: — Har du hørt så vakkert dette er beskrevet i den nye oversettelsen? Mine søsken og jeg synes dette er en hyggelig hilsen å overbringe Bibelselskapet fra en 96-åring, som kjente sin bibel som kanskje få «lege» gjør det.

Nytt om Bibelen.

Det største aktivum vi har som folk — er våre gamle.

K.G.R.

Lekmannsorganisasjon med mange teologar utan samarie

Norsk Luthersk Misjonssamband — den gamle Kniamisjonen — har aldri vore redd for kunnskap. Derfor har dei satsa sterkt på skolar og utdanning både i heimlandet og misjonsland.

Slik har også den utprega lekmannsorganisasjonen hatt mange teologar i leiinga, og «sambandet» har aldri vore redd for det berre dei ikkje brukte prestekjole. Og vi vågar den dristige påstanden at det ikkje er stort anna som skiller Misjonssambandet frå dei andre organisasjonane i kyrkjeleg sinnelag enn prestekjolen. Og den kan berre få stå der som eit skille berre vi hører saman elles.

Misjonssambandet har satsa på dyktige folk. Kva som helst slepp ikkje ut på feltet der same om det gjeld forkynning eller økonomisk planlegging. Derfor er det blitt slik at også dei som har vore usamd med «sambandet» i litt av kvart har mått respektere og stole på det som kom derifrå. Når Ludvik Hopes ånd framleis svevar over vatna, så gir det ikkje rom for krumspring. Vi som med respekt skriv dette har vakse opp med Misjonssambandet på eine hjertesida. Vi har til og med på søndagsskoletur ved Lesjaskogsvatnet tjuvlånt Ludvik Hopes båt, og blitt myndig vinka på land igjen og hjelpt til rette av svigersonen og orkdalingen Gabriel Eikli. Eikli var klok, som Misjonssambandet elles er, og sa ikkje eit ord. Men han var høgst alvorleg. Og det er også «sambandet».

I Orkdal har Misjonssambandet altså røter, og dei har vi røynt er djupe. Ser vi på foreiningslivet er det slik i dag:

Våriliv foreining, Svorkmo, Orkaner foreining, Evjen foreining, Midtbygda foreining, Fannrem, Hauge-nes foreining, Stokkhaugen, Geitastrand foreining, Unges misjonslag, Gjelme, Monset foreining, Vårbud foreining, Geitastrand, Svorkmo Røddelag, Orkdal Røddelag, Barneforeiningane: «Den lille hjelper», Bårdshaug, «Blåveisen», Fannrem, «Liljen», Fannrem, «Svorkblomen», Svorkmo.

I 1972 hadde desse sendt inn til misjonen kr. 52.000,—. På Søvassli-kjølen har Misjonssambandet Søvassli ungdomssenter.

Trøndelag krins er elles eigar av Laberget leirstad i Skogn og Rødde folkehøgskole i Melhus. Krinskotoret ligg i Trondheim. Misjonssambandet er eigarar og medeigarar i mange bedehus. På Fannrem har det nettopp vore innviingsfest for ei totalrestaurering av misjonshuset der. På Svorkmo har dei det fine misjonshuset i sameige med Indremisjonen. Sambandets hus på Orkaner er lite i bruk, og ikkje i god stand. For å ta noen glimt frå utviklinga kan vi nemne at i 1903 var krinsinntektene 4.000 kr., i 1950 var dei komme opp i kr. 150.000 og i 1972 over 1,1 mill. kr. Krinsbladet «Kristelig Folkeblad» blir trykt på Svorkmo. Det er også årsmeldinga for 1972 som vi har henta ein del av opplysningane våre frå.

På landsplan er Misjonssambandet ein gigant. Det store skolesentret «Fjellhaug» i Oslo blei klokeleg plassert der av framsynte utlegggarar. Det er eit åndssentrum med spennvidde og styrke.

Når noe får sin fødsel på «Fjellhaug», så merkes det snart utover landet og verda. Misjonsbladet «Utsyn» har eit opplag på nærare 50.000, og er landets mest utbreidde. Barnebladet «Blåveisen», og ungdomsmagasinet «Ungdom og Tiden» er og velkjent med sin dyktige redaksjon og sine store opplag. Vi nemnte at «Sambandet» var ein skolemisjon. Det har dei siste åra gjort seg utslag i at dei har bygt hybelbygg for studentar i Oslo og Stavanger, og har reist barnehagar og førskolar fleire stader i landet. I det kjente skoleforlaget «Lunde Forlag» er «sambandet» hovudinteressent.

Og ute i den vide verda finn vi Misjonssambandet i slummen i Hong Kong, på Boranavidda i Etiopia, på Formosa, i Japan, i Tanzania. Videre er det sonderingar igang for misjon i Indonesia og i Sør-Amerika. Og når Misjonssambandet sonderer er det i praksis det same som full innsats. —

Norsk misjon er ei kraftkjelde. «Norrønafolket det vil fare, det vil føre kraft til andre». Og Misjonssambandet er av det beste i «Norrønafolket».

ige.



GUDSTENER

1. s. e. Kr. åpenb.s. - 13. jan.

Orkdal. Rogstad.
Orkanger. Eidhamar.

2. s. e. Kr. åpenb.s. - 20. jan.

Orkdal. Eidhamar.
Orkanger. Rogstad.
Orkland kl. 16. Speidergudst. v. fru
Laila Tøndel, prof. Rasmus Nor-
dal og Eidhamar.

3. s. e. Kr. åpenb.s. - 27. jan.

Orkland. Eidhamar. Familiegodst.
Menighetsmøte.
Geitastrand. Rogstad.

4. s. e. Kr. åpenb.s. - 3. febr.

Orkdal. Rogstad. Nattv.
Orkanger. Eidhamar. Nattverd.
Hoston kl. 16. Hyldmo og Eidhamar.

Søndag septuagesima - 10. febr.

Orkland. Hyldmo og Eidhamar.
Nattverd.
Orkdal. Rogstad.
Orkanger kl. 19 ved begge prestene.

Tysdag 28. jan. kl. 19 er det vesper-
gudsteneste i Orkanger kirke ved
Ten Sing.

Ved familiegudstenesta

i Orkland 27. jan. er alle som fylte
4 år i 1973 spesielt innbedne med
sine foreldre. Dei skal få utdelt «Mi
Kyrkjebok». Etter gudstenesta er
det menighetsmøte for å drøfte om
det nye prøvesalmeheftet «Salmer
73» kan brukast ved gudstenesta.

Allmennreligiøsitet - fiende og venn!

Allmennreligiøsitet er oppe til
debatt. Den er utsett for sterk kri-
tikk. Det er forresten ikkje noe
nytt. Brorson syng i salmen: «Av
døpte vrimler stad og land, men
hvor er troens brand?»

Og det er avgjort noe i det. Når
kristendom blir skikk og bruk, har
det lett for å bli ytre former og
manglande indre liv. Alt i orden!
I mange høve slik kan religiøsitet
stenge for utvikling til djupare og
sannare truserkjenning. Då kan
allmennreligiøsitet bli fariseisme,
og slik også dobbeltmoral. Umorale
blir kristeleg. Det er ei rett åtvan-
ing når Brorson vidare syng: «Hva
hjelper det vi vet, du døden for oss
led, når vi ei står mot satans verk
i troen frisk og sterk». Jesus Kris-
tus må vere den erkjente Frelsar, og
Den Heilage Ande ei verksam kraft
i eins liv.

Men om allmennreligiøsitet kan
vere fiende, kan han også vere
venn. Det at eit menneske ikkje får
sove utan sitt Fadervår, og reknar
med ei viss Guds leiing i sitt liv, det
skal ikkje bli sett på som noe nega-
tivt.

Bibelen snakkar om «brotne røyr
og rykande veiker» som ikkje skal
bli knekt eller slokt, men retta opp
og rensa. Det er verket til den mil-
de Messiasskikkelsen som blei opp-
fylt med Jesus. Biskop Berggrav
snakka om dei «spede spirer» som
vi ikkje måtte trakke ned og støyte
vekk. Vi skal ha respekt for andre
menneskes indre liv, og varsam

med å sette oss til doms over det.
Med nærare kjennskap ser vi det så
mye meir der enn vi tenker.

«Ein skal ikkje kaste barnet ut
med badevatnet», heiter det. Og slik
skal vi lære oss til å vurdere dei som
er komne eit lite stykke på vegen
rett. Ingen av oss er heilt framme.
Ein blir i møte med menneske ofte
forbausa over kor mange som mei-
ner noe med si tru.

Er så tru ei privatsak? Nei, langt
ifrå. Men vi har ulik måte å uttryk-
ke oss på. Og i vurderinga av dette
trur eg Gud er meir storsinna enn
sine barn. Dette synet bør også
gjelde i samkvemet med dei ulike
kyrkjesamfunn. Respekt for og
medleving om vi enn ser ulikt på
mangt.

Der allmennreligiøsitet synleg
kjem til kort er i lovprisning og
kristen teneste. «Gi Gud lov og
takk for alle ting». Og «liksom
Kristus tok seg av oss, skal vi ta
oss av kvarandre». Vi skal vere
«lys for heidningane». Rom. 15.

Vegen til å oppleve dette er:
Bruk av Bibelen. Tru på dåpssak-
ramentet og bruken av nattverd-
sakramentet. Oppsøking av kris-
tensamfunnet. Bøn. Gjennom dette
grip Gud inn, rettleier, fører bort
frå ville vegar og inn på livets veg.
Slik får ein også salmistens realis-
tiske bøns ånd for sitt liv: «Ran-
sak meg Gud, og sjå om eg er på
fortapings veg (destruksjonens,
livsøydeleggingas veg), og lei meg
på den evige vegen».

ige.

Det norske Misjonsselskap.

Møter i Orkland v. distriktssekretær
Ottar Hyldmo:

Hoston 3. 2. kl. 16 (sjå gudst.lista).
Solsjøbygda (Peder Grendal)

4. 2. kl. 20.

Svorkmo (Mary Øverby) 5. 2. kl. 20.
(6. 2. og 7. 2. Geitastrand).

Solbu (Bernt Hsøton) 8. 2. kl. 14.
Ljokjel (Peter Ljokjel) 8. 2. kl. 20.

Svorkmo misjonshus 9. 2. kl. 20:
Misjonsfest.

Orkland kyrkje 10. 2. kl. 11.
Vormstad (Tore Høston)

12. 2. kl. 20.

Oppøyen (Gunnar Opsøien)
13. 2. kl. 20.

Velkommen til vår forretning.

Vi står alltid til tjeneste.

Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo

Handelssamlag